

Nye menighetsråd

I 3 av sokna i Orkdal prestegjeld er det valt nye sokneråd/menighetsråd. Vi ønskjer dei nyvalde til lykke! Menighetsrådet har ei stor og sentral oppgåve å ta seg av. Vi siterer her hovudparagrafen i lovene for menighetsråd for å streke under dette. Men også fordi at alle skal legge forholda til rette slik at sokneråda kan få fungere rett.

Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menigheten, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, ungdommen samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Elles er soknerådet ansvarleg for kyrkjehus, kyrkjegard, og har ein masse praktiske gjeremål elles, t.d. dei tilsette i kyrkje- og menighet, økonomi.

Orkdal sokn har val på nytt råd Alle Helgens Dag. Nedanfor presenterer vi dei nye sokneråda. Vi tilrår forbønn for medlemmer og arbeid:

Geitastrand sokneråd 1978 - 81:

Gunerius Kjøren, Asbjørg Husdal, Enok Husdal. Arnt N. Ofstad, Marie Knutsen, Gunhild Bjørnbet.

Vararepresentantar: Age Garberg, Gunvor Ofstad, Sissel Haugnes, Inger Isdal, Gudrun Halsen.

Orkanger sokneråd 1978 - 81:

Egil Singstad, Harald Hukkelås, Agnes Singstad, Marry Wuttudal, Gerd Saltnes, Esther Larsen, Magnhild Hoff, Jostein Melen.

Vararepresentantar: Finn Skauvik, Anne Lovise Iversen, Gudlaug Aae, Arnlaug Hepsø, Margrethe Fossland.

Orkland sokneråd 1978 - 81:

Gunnar Hoseth, Jens Indergård, Målfrid Kvikne, Jostein Dalen, Ingvar Grytdal, Ragna Fagerli, Jorhild Ljøkjel, Olaug Øverby.


Vararepresentantar: Gudrun Sandstad, Styrkar Grønning, Einar Sandvik, Eimund Asbøl, Olaug Aamot.

Som vi ser har 2 av råda 50% menn og kvinner. Orkanger har 5 kvinner og 3 menn. Kanskje det likevel ikkje er kvinne-diskriminering i kyrkja?

**Hold blikket rettet
på den levende Herre,
slik at du ikke faller
i anfektelsens stund.**

**VÆR TÅLMODIG
og overlat til Ham
hva tid og stund
Han vil bryte inn med
sin forløsning.**

....det
skulle jeg
gjerne
snakke
med noen
om...



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 9

NOVEMBER 1977

27. årgang

Å, om eg hadde ein som ville høre på meg!

Det er i Jobs bok (31, 35) vi finn dette hjertesukket. Det er spørsmål om noen til å snakke ut for om sine kampar og problem. Noen som er villig til å høre på ein er aldri lett å finne. DVS. det har alltid funnest nok av dei som vil høre på ein av nyfikne og sladderlyst. Men her er det spørsmål om ein som er villig til å høre på som har respekt for meg og problema mine, og som er villig til å vandre med meg gjennom alt om det så skulle bli mange mil. Noen å snakke ut med i tillit!

I Jobs ord her ligg det og ei viktig sak uttrykt slik: «Har eg skjult mine synder, slik som folk plar gjere?» og «har eg gøymt mi misgjerd i min barm?» Folk plar gjere det! Det er ein slik praksis som er så farleg. Det tildekte blir uoppgjort. Så ligg det der og gneg og slit og bryt ned mennesket.

Sjelesorg - skriftemål er ord som må få friske bein å gå på. «Dette skulle eg gjerne snakke med noen om» La ikkje uroa bli tildekt! Det er farleg for den sjelelege helse, det er farleg for kristentraua. Vi vonar alle vil finne noen som er villig til å høre på seg. Noen som med Jesu mynde kan tilgi og oppreise!

SLEKTERS GANG

Døpte

Orkland

- 9.10. Kristin Ree
23.10. Kai Arne Asbøll
Bent Ole Løkken
30.10. Siri Lund

Orkanger.

- 9.10. Arnt Johan Bjørklund
9.10. Inger Merete Elven
9.10. Beate Lovise Stokke

Vigde

Orkland.

- 22.10. Sverre Setervang og
Margit Irene Krokstad

Døde

Orkland

26. 9. Ingeborg Berbusmel f. 1899
5.10. Ole John Melgård f. 1922
6.10. Marit O. Berbu f. 1894
16.10. Gunnar Moe f. 1900

Orkanger

25. 9. Asbjørn Olav Gangås f. 1911
26. 9. Thorvald Henry Joløff f. 1890
30. 9. Marit Hongslo f. 1901
1.10. Ulrika Ragnhild Kvisla-
bakken f. 1908
5.10. Ola Halsen f. 1905
7.10. Ellen Eggen f. 1894
9.10. John Asbjørn Øberg f. 1911
12.10. Ottar Ustad f. 1912

Bibeltimar på Orkanger:

- 2.11. Sletthjell: «Hva er de helliges samfunn?». 30.11. Ivar Eggen: «Bønnens felleskap — bønnens makt». 14.12. Arne Mahlum: «Hva sier Bibelen om seg selv?» Hver kveld kl. 20 på bedehuset.
10.11. kl. 20: Øving på ny liturgi i Orkanger kirke. En vil også forsøke på øving etter gudstjenestene.

Moe kyrkje

- Øving på ny liturgi: Søndag 20.11. kl. 20. Søndag 18.12. kl. 20.

Orkdal kyrkje

I tre tirsdagar på rad (15.11. 22.11. og 29.11. kl. 19.30) vil det bli øving på den nye liturgien i kyrkja. Organist Jakobsen vil spele igjennom menighetssvara med oss og det er å vona at rett mange vil møta fram.

OCULI AD
DOMINUM

Det er en av kirkeårets mange søndager som fra gammelt av bærer dette navnet, og ordene betyr: Øynene vendt til Herren. I tidligere tider var det vanlig praksis å selte navn på de enkelte søndager, og på den måten gi hver av helligdagene sitt eget ansikt. Men egentlig burde vel hver dag hele året gjennom ha som overskrift og start: Øynene vendt til Herren! Har vi ikke den grunnholdning vil både liv og gjer-ning bli preget av det, og tankene ikke mindre. Vi både vet og erfarer som kristne at mister vi synet av Mesteren selv da visner lett kristenlivet, da sløves vi åndelig.

Jesus talte om Ordet fra Gud som det levende vann som jo skulle sprudle frem i en ny måte å leve på. Men Skriften minner oss også om at vi kan komme til å bli som sprukne brønner...

Vi er helt avhengige av at Gud handler med oss. Og det er ingen frukt av egen prestasjon om vi får lyst til å speide etter Guds veg og Guds vilje med vårt liv. Ja, det er til og med en gave fra Ham når vi tross alle nederlag og forsømmelser i livet har frimodighet til å vedkjenne oss kristennavnet. Det forteller at Han ikke slår hånden av dem han engang tok til sine barn. Derfor betyr dette oculi ad Dominum ingen ytre fromhetsfaktor, men en erkjennelse av virkeligheten: Jeg har bare så meget av tro og av kristent sinn som jeg har mottatt av Ham som engang skapte troen hos meg.

La oss være praktiske: Det å ha øynene vendt til Herren, er å ha det nære forhold til Guds ord, slik at dette får påvirke meg, at troslivet blir styrket. Jeg kan kjenne glede ved å vite meg i Hans varetekt, kjenne hans ord gir trøst når motløshet dukker opp, erfare at han legger vilje inn i det karaktersvake.

Å ha øynene vendt til Herren, det er å be oppriktig om å få se sannheten både om Gud og også om meg selv, så jeg ikke farer illt. Det er å be om det åpne sinn som ikke vil bøye unna når Gud taler om det som skulle være anderledes i livet. Hvorledes han enn handler med deg og

til s. 11

Dåp og nattverd
i oldkirken

I skriftet «De tolv apostlers lære» fra ca. år 100 e. Kr. finner vi mange interessante ting om liv og lære i oldkirken. Dette er det nest eldste kjente skrift i kirkehistorien etter bibel-skriftene. Det eldste er 1. Clemens brev fra år 96.

Om dåpen står det å lese: «Hva angår dåpen, skal dere døpe slik: Når dere har sagt fore alt dette (d.v.s. det som står tidligere i boken), skal dere døpe til Faderens, Sønnens, og Den Hellige Ånds navn i rennende vann. Men har du ikke adgang til rennende vann, kan du døpe i annet slags vann, og kan du ikke (døpe) i kaldt vann, så gjør det i varmt. Men om du ikke har noen av delene, siral du øse vann på hodet tre ganger i Faderens, Sønnens, og Den Hellige Ånds navn. Og før dåpen skal den som døper og den som døpes faste, og ellers de som har anledning. Og den som skal døpes skal du pålegge å faste en eller to dager forut (for dåpen).»

Dette er eldste vitnespyrd om den dåpsform vi bruker, og vi ser at selve formen er elastisk. Faste i sammenheng med dåpen vitner om det hellige alvor som fulgte dåps-handlingen. En ny fødsel inn i en ny verden gikk ikke upåaktet forbi verken hos den enkelte eller menig-heten.

Om nattverden står det i dette eld-gamle skriftet: «På Herrens dag skal dere komme sammen, bryte brødet og holde nattverd, etter at dere først har bekjent deres overtredelser. Slik vil deres offer være rent. Men la ingen som ligger i strid med sin neste delta i samværet før de er blitt forliket, så ikke deres offer skal bli vanhelliget.» Når det er snakk om «offer» siktes det rimelig- til s. 11



Nødhjelp 77 — Takk for hjelpa!

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Ingen kondolanse

Vi les i gravferdsannonser: Ingen kondolanse! Ingen kondolanse ved grava!

Vi forstår — ja, vi trur vi forstår at det å følgje dei næraste til grava er ein tung gang. Men spørsmålet er likevel: Er dette rett? Det same gjeld når det står: Begravelsen har funnet sted.

Døden hører med til livet! Vi kjem stadig tilbake til måleriet: Bondebegravelse. Sørjande slekt og bygdefolk på gravkanten. Små og store. Trespade, jordhaug, vadmålsklær. Eøygd nakkar. — Sorga hører og med til livet.

I USA er gravferda industrialisert og kommersialisert — det er blitt ein stor sminke og parfymeindustri. La oss vere på vakt mot tendensane!

I gamle dagar laga dei seg kiste før dei døde. I slekta hadde vi ein gamal trygg Sunnfjordsbonde. Han hadde kista ståande ferdig. Og han sov middag i henne! — Groteskt? Nei. «Eg må prøve om ho er god å ligge i,» sa han. Døden hørte med til dagleglivet — og skremte ikkje.

Men dei bøygde hodet ved grava, gjekk med tunge steg til og frå. Tårene rann fritt til jorda. Dei tok kvarandre i handa. Dei omfanna kvarandre i gråten. Og dei støtte kvarandre heim igjen etter at grava var igjenkasta.

Alle reglar har unntak, men la oss ikkje frisere bort døden. La oss gråte ilag — og lei kvarandre ved handa. Levande medkjensle og medliv med kropp og sjel!

Om å klappa i kyrkja

Er det gale å gje kjenslene sine tilkjenne, når ein høyrer noko overmåte vakkert i kyrkja, — det vera seg song eller musikk, — tilkjenne ved å klappe, for på det viset å syne sine kjensler?

Eg kan huske nokre gonger, ja forresten mange gonger og, at eg har hatt hug til å klappe.

Første gongen eg tykte det skulle vore gjort, var eg tilstades i Orkdal kyrkja, 16-17 år gamal og høyrde på ein konsert av daverande teatersjef Rasmussen, og han song med sin malmfulle røst, «Overmåte full av nåde», det gløymer eg aldri. Andre gongen song Åse Normo Løvberg i same kyrkje med leing av orgelvirtuosen Holger, — fleire gonger, overmåte vakker song av brødr. Fagerli, — og no sist ved Olsokgudstenesta i Moe kyrkje der org. Jøkobsen og Egil Storbekken spela eit par salmar vedunderleg vakkert, — noko så sjelden vakkert høyrer ein ikkje ofte. No spør eg, — ville det vera urett her å klappe?

Kvifor skulle det vera urett av oss, eller uhøveleg på nok vis å klappe for på det viset å gjeva uttrykk for vår glede?

Fordi om vi er i Guds Hus, altså kyrkja, kan eg ikkje forstå at Vår-Herre skulle ha noko imot at me syner glede på det viset.

Det skulle vore rart og høyre kva prestane våre meiner om dette, — gjerne Sokneprest Olsen i Meldal og Koren i Furnes.

Kva meiner de om dette som eg her har nemnt, — er ganske sikker på at dette er det mange som brenn inne med.

Kn. L.

Kroneverdien går ned!

Vi er igjen komme til november! Vi set utpostegn etter det faktum, for det er eitt år sidan sist innbetalingsblankett blei lagt ved menighetsbladet. Også dette året har kroneverdien rusla nedover, og menighetsbladet har klart seg økonomisk. Men vi har ikkje mye å legge til sides for magrare år. Når du no får ny blankett i handa igjen, så studer samtidig papirkronene som det er bilde av nedanfor. Når tankane dreg iverg til gode gamle dagar, så set over en kopp kaffi og tenk litt på kaffiprisen av i dag. Til slutt kan du ta noen minuttars tanke på menighetsbladet og innbetalingsblanketten. Vi vil på ingen måte råde over tankelivet ditt, men tenk litt på menighetsbladet, at det får eit nytt og bedre år. Vi treng minst 40.000 kr. for at vi skal overleve 1978. Vi takkar samtidig alle for kjempefin støtte hittil. Det er grunn til å takke!



Er det nødvendig å gå i kirken?

Vi vil at:

- Norge fortsatt skal være et kristent land.
- at hele folkelivet skal bygge på den gamle kristne grunnvoll.
- der er en sterk og levende kirke i vårt folk.

DA MÅ VI SELV GJØRE NOE FOR Å NÅ DETTE MÅL

På hvilken måte? Ved å fylle din plass i din kirke hver søndag når det er gudstjeneste.

MEGET VILLE være annerledes

i vår kirke om de som synes de burde gå i kirken, virkelig gikk. Menigheten ville få større kontakt med den samlede befolkning, gudstjenesten ville få mere liv, foreningene ville få flere medlemmer, prest og menighet ville bli oppmuntret til glad innsats.

GUD HAR BEFALT DET

Vi har et bud fra Gud om dette og det lyder: Du skal holde hviledagen hellig. Og det betyr å gå til kirken og høre hans ord og ta imot sakramentene.

I over 1900 år har samlingen om ord og sakrament søndag formiddag vært selve hjerteslaget i den kristne kirkes liv. Vi kan ikke forbli et kristent folk uten å gå i kirken.

DU ER ET EKSEMPEL

Bedre enn alle argumenter for kristendom er det selv å gå i kirken, og på den måten vise at Gud betyr noe for deg.

Hvordan skal barna bli glad i kirken, når foreldrene setter andre ting foran plikten til å gå i Guds hus?

Hvordan skal de unge skjønne at Norge fortsatt må være et kristent land, når de ser at de eldre ikke vurderer gudstjenesten så høyt at de går i kirken søndag formiddag?

Selvsagt er det en del som ikke kan komme til kirke på grunn av sykdom, arbeid eller annet. Men det normale er at den som bekjenner at han tror på Gud, går i kirken om søndagen. Det er nemlig en kristen plikt å gå i kirken.

VI TRENGER SELV GUDSTJENESTEN

Selvsagt kan man dyrke Gud hjemme. Ved å samle familien til husandakt. Eller ved å lytte til radiogudstjenesten. Eller ved å sitte alene med Bibel og Salmebok. Eller man kan søke stillheten i naturen og lytte til naturens tale om skaperen.

Men det normale er at friske mennesker går i kirken. Der opplever vi det kristne fellesskap og kan ta del i menighetsn liv i samlingen om Guds ord og sakramentene.

FØLER DU DEG FREMMED I KIRKEN?

Mange gjør det — til å begynne med. Det å gå i kirken er på mange måter en øvelsessak. Det tar tid å bli fortrolig med liturgien. Mange salmer er ukjente og presten bruker kanskje ord som er vanskelig å forstå.

Det trenges at vi lærer oss salmene og liturgien, og vi må arbeide på å forstå forkynnelsen.

Gå bare trofast i kirken. Snart vil du merke at det begynner å skje noe. Du blir mer lydhør for hva Gud har å si, mer glad i stillheten og bønnene, mer forbauset over salmenes dype innhold og vakre form, og etter hvert mer klar over hva det vil si å være en kristen.

GJØR ET FORSØK

her i din egen menighet. Sett andre ting til side og gå i kirken!

Det er Guds egen befaling i det tredje bud. Det er veien til å bevare Norge som et kristent land.

Det kan bli veien for deg til virkelig fred.

fra Støren Menighetsblad



Pris Herren!

KJØP VARENE TIL JUL
I GOD TID!

BØNDERNES SALGSLAG

avd. Fannrem.

Tlf. 82438

Slik vert den nye høgmessa - - -

Vert det mykje nytt i den nye gudstenesteordninga? Ikkje meir enn at vi kan kjenna oss att. Fornyinga kjem stort sett innanfor den kjente, kjære ramma.

Hovudlekkene i den nye høgmesseliturgien vert desse:

I BØN OG LOVSONG

Den tidlegare «klokkarbøna» eller stille bøn fell bort. Etter eit preludium tek gudstenesta til med inngangssalme, og så seier presten:

— Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far og Herren Jesus Kristus.

Syndsvedkjenninga har berre små endringar, men noko nytt er det at kyrkjelyd og liturgi seier ho fram saman.

Bønrope, «Kyrie eleison», er det same som før.

Lovsungen fylgjer den nye bibelomsetjinga: «Og fred på jorda, hjå menneske som Gud har hugnad i». Og utan avbrot syng kyrkjelyden: «Vi lovar deg. Vi prisar deg. Vi tilbed deg. Vi opphøgjer deg».

Kollektbøn for dagen har som oftast ein ny ordlyd.

II FORKYNNING AV GUDS ORD

To bibeltekster vert lesne frå altaret eller frå ein lesepult i kordøra. Den tredje, preiketeksten, les ein frå preikestolen. Ein tek til med nye tekstrekker, og noko nytt er at ein kan få preiketekstar frå Det gamle testamentet eller frå nytestamentlege skrift utanom evangelia.

Etter andre bibellesingen seier ein fram truvekjenninga, og det gjer prest og kyrkjelyd saman.

III KYRKJELYDENS FORBØN

Kunngjeringar skal ein ikkje lesa frå preikestolen, men frå kordøra, og det er helst klokaren eller ein annan lekmann som skal gjera det.

Forbøn, det ein før kalla «kyrkjebøna», har fått ein heilt ny ordlyd, og ein kan velja mellom fire versjonar. Det er høve til å

ta med aktuelle bøneemne i forbøna.

Kyrkjelydens takkoffer vert samla inn i kyrkjebenkane. Ved serskilte høve kan ein ha ofring på altaret.

Er det dåp, kan han koma etter ofringa.

IV SAMLING OM HERRENS BORD

Lovprising og Herrens innsetjingsord vil stort sett fylgje den tidlegare ordninga, men det er nokre endringar og ny musikk. Fadervår bed kyrkjelyd og liturg saman.

Etter Agnus Dei, «Du Guds lam», går nattverdgestane fram og kneler på altarringen.

Nattverdmåltidet går føre seg med dei same utdelingsorda som før.

V AVSLUTNING MED VELSIGNING

Velsigninga tek til med ein lovprising, der kyrkjelyden får høve til å syngja ut:

— Gud vere lova! Halleluja, halleluja, halleluja!

Gudstenesta vert avslutta med stille bøn og postludium.

Jeg har en herlig telefon

Vi var innoom Kirsti Halsen for å sjå kor ho hadde fått installert seg på Orkanger aldersheim. Ein god prat blei det som vanleg. «Eg blir sittande her, men eg har forbindelse», sa ho. Så fekk vi høre mange songar og salmar utenat. Slikt er godt memoreringsstoff for Kirsti. Minnet gir noe for tanken, og løfter livet oppover. Ho las mellom anna ei åndeleg vise som lyder slik i eitt av versa:

*Jeg har en herlig telefon
hvis ledning den er stor,
den rekker helt til himlen inn
hvor Herren Jesus bor.
Hvor ofte jeg enn ringer på,
jeg alltid får til svar:
«Jeg er til stede nå som før,
og linjen den er klar.»*

Vil tru dette gjer godt for fleire enn Kirsti og oss. Så var spørsmålet: Er det noen som kjenner fleire vers av denne visa? Kirsti hugsa berre eit halvt til. Menighetsbladet skal formidle svaret.

Støtt reisinga av Søvasskjølen fjellkyrkje.

Hugs postgiro 3 67 54 36 — 7310 Gjølme. Vi har også konti i bankane i Orkdal. Kvart innsendt bidrag er til hjelp for oss både økonomisk og moralsk i arbeidet for å få reist dette viktige kyrkjeseintret.

Ansvar —Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel og traktor. Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

SØLVVARER

til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John
ROHME

7300 Orkanger

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Harald Metliås, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-hild Asphjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik, Harald Hukkelås. Bankane. Alfhild Engen.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunertus Kjøren

På kjerkeveg med K. M. Elda

Vi har bladd litt i «Orka», siste avisa K.M. Elda ga ut. Det var i 1950 og 51. Siste nummeret kom 30.4.51. Orkdal menighetsblad starta opp i desember same året. På mange måtar var «Orka» ein forlaupar for menighetsbladet. I sitt mangslungne kulturarbeid har Elda altså også vore med å inspirere til oppstart av menighetsblad. Det er sikkert da også i gamle Eldas ånd at det i dag er menighetsblad i distriktet som eig trykkeriet han starta opp med, Svorkmo Prenteverk.

I nr. 1 første årgang skriv han: «Eg møtte ein mann ein kjerkdag og sa: «Kjem du frå kjerka?» «Ja, ein må i veg, når det er noko å høyre!» svarta han. Eg vart tankefull over svaret. «Noko å høyre er det vel kvar kyrkjedag», tenkte eg. Men det var nok berre ein framand preikar, han ville høyre. — Eg høyrer ikkje preika no. (Elda var gamal og tungtørt, vår merkn.) Like vel er det mykje «å høyre» (lesa) for meg, det mest verdfulle på min livsens veg. Ta med salmeboka når du skal åt kyrkja og følg med i ritualet, syng - med salmane og ver - med i dei overlag varme bønene, dette er åndsføde av det beste! Å koma åt kyrkja utan salmebok er tankelaust.»

I nr. 3 skriv Elda: **I Jesu gangspor!** «Gjer som eg seier — og som eg syner dykk!» sa Jesus gong på gong åt læresveinane sine.» Når du vil be skal du seie: Far vår, du som er i himlane osv.» sa Jesus. Og dei katolske kristne dei bed «Fadervåret» mykje, ein gong for kvar perla i rosenkransen. Lutheranara? har ingen rosenkrans! Men fadervåret må me be mykje. — «Detta må de gjera — til minne om meg!» sa Jesus ein kveld han sat i lag med læresveinane sine etter mattverden og gav deim brød og vin og sa at detta var hans kjøt og blod, og det skulle peike på at han og dei skulle vera eitt; av same livssyn, tru og tenking — åndsbrør. Slike «minnefestar» vil me ha glede og signing av, så me vert meir og meir eigode menneskje. Kom åt kyrkja! Gå til alters — på Jesu ord! Han ber oss koma!

Men du segjer: «Eg er så stygg ein syndar — eg tørs itt koma.» Sei

itt det! Jesus søkte vennskap med dei verste brottsmenn og grove syndarar. Når dei angra seg og såg seg reint hjelpelaus og ulukkeleg — da var dei velkomen i lag med han. «Kom åt meg! Kom til alters!» segjer vår Herre og frelsar.

I same nr. gjengir Elda sin eigen notis frå 1947: «Det snøa og fauk ja — det var vel det som gjorde at det var berre 3 kvinner og 10 - 20 menn åt kjerka, men der var godt og varmt, og alvorleg høgtidsam var denne langfredags-messa. Kva presten, Skron-dal, tala haur ikkje eg, men salmar og tekster og liturgi var mykje verdfull åndsføde, meir enn eg vann over. Det var ny klokke au, Sigurd Kvåle, Hoston, vart eg vare. Men at ikkje mangmannen samstelt kjem åt kjerka messedagane må eg undrast mykje på! Det blir vel ein snunad i dette, skal det ganga vel — trur eg.»

Til påminning for alle som orsakar seg med alder og helse m.v. tek vi med dette frå Elda (notis frå 1945): Men no dei tri siste helgane gjekk eg åt kyrkja. Og siste gongen tok eg

Tal med Gud
om alt, —
som et barn
med sin far, —
og Han vil
ikke bare
svare deg,
men handle
med deg
og gjøre vel
mot deg langt
utover det
du har
bedt om.

MB

mest fæla for føret. Vegen var høl og glatt og gletten av teleskot så det ville berre bera over ende kjende eg. Eg greidde meg til nedom Volla, men der sigla eg over ende berre så det supp i den gamle kroppen. (Elda var 90 år, og hadde feira dette med å sykle til kyrkjes dei 3 helgane før merkn.) Eg dreiv åt 2 gong før eg nådde Solvoll. Eg har haurt og sett, at når gamle folk dett og slær seg, så reiser dei seg aldri meir. Eg var like god etter dei 2 gongene, men våga ikkje ein tredje gong og gjekk sea etter ekra til eg nådde Tronvollkleiva, og sea var vegkanten så berr at eg sto på føtene. Og heimatt held eg meg frå teleskotet på vegen og slapp heim med heile bein. Og beingrinda mi er vel ikkje så morken heller enno, må eg tru. — Kyrkja var ikkje fullsett ein slik ufooredag, men det var tri bonn til dåpen.»

I siste «Orka» 30.4. 1951 står det i Eldas spesialspalte «Kårstuggu» om gudstenestegangen han gjorde til «Ørkjenka» 1. påskedag. Han minnest der at han sat i heradstyret først på 1890-åra da dei gjekk sterkt imot å byggje kyrkje på Øra. «Men ørbyggene gav seg ikkje — endskapen var at ørbyggen bygde seg kyrkje.» (Same saksgangen som med Fjellkyrkja — merkn.)

Vi opplever gudstenesta påskedagen på Orkanger vidare med Elda: «Og mykje kyrkjefolk var det au, imot det er i Orklandkyrkja. Nedmed inn-gangsdøra var det salmebøker til låns i ei hylle på kor sida. Stolane var lause, det var hendig for flinaden og ellest. Omnane ølja godt åt meg som hadde gått i kald vintervind. (merkn. frå Svorkmo). Raskt tempo var det i præludiane, alle gjekk med i ei ofring og salmane gjekk i ein uvanleg rask takt. Det var ei livfull gudstenest som sette kyrkjelyden i god stemning.»

Snakk om 96-åring. Han hadde både kropp og ånd med seg til kyrkjes. Vi takkar Elda for følge denne gongen, og spør oss om bygda har gjort nok for å verne om skattane frå denne underfundige mannen?



Vi har eit anna syn på barnet!

Overskrifta er litt av ein proklamasjon. Men bakgrunnen ligg i Jesu ord: «Men den som forfører ein av desse små som trur på meg, for han var det betre om han var søkkt i havsen djup med ein kvernstein om halsen». Vi er av dei som meiner at vårt samfunn er brutalt mot barnets trong til religiøst liv. Barnet får ikkje oppleve å vere i det heilage rom. Den veldige påverkinga av alt frå alle kantar bryt ned tillit, moral og gode rettningsnormer. Utan ein fast grunnvoll blir det forvirring. Og forvirring fører til destruksjon — nedbryting og ødelegging.

Jesus brukar skarpe ord. «Med ein kvernstein om halsen søkkt i havsens djup». — Det blir bruk for mange kvernsteinar! «Ulykkelege verd, der det er forføringar! Forføringane må kome, men ve det mennesket som dei kjem ifrå!» (Matt. 18, 6-7).

Vi har eit anna syn på barnet. Ja! Det viktigaste av alt er at barnet får oppleve det heilage rom, lære Gudsrikets veg å kjenne. Og der er vårt samfunn på avvegar. Derfor protesterer vi med Jesus!

Dei 7 dødssyndene

GJERIGSKAPEN — ein forvridd samlarmani

Kan gjerrigskapen vera ein aktuell synd i ei «bruk og kast» — tid som vår eigen? Skal vi ikkje heller peika på sløsinga?

Soleis kan ein gjerne spørja. Vi lever i ein overflod av varer, skaffar dei, nyttar dei og bytar dei snøgt ut med nye. Det er visst ikkje mykje som minner om gjerigskap i velstandssamfunnet vårt.

Eller kan hende lever den gamle «dødssynden» som aldri før?

Gjerigskap har noko med å «begjære» å gjera, å trå etter noko. Nå treng ein ikkje vera gjerig om ein freistar å skaffe seg det ein på rimeleg vis har bruk for. Gjerigskap er det at ein vil samla seg meir og meir, leggja seg opp pengar og ting for deira eigen skuld. Gjerigskap er ein forvridd samlarmani, som får ein til å sankta utan at ein treng det og utan at ein vil dela det med andre.

Vi skal ikkje samla oss skattar på jorda, der møl og makk øyder, og tjuvar bryt inn og stjæl, men vi skal samla oss skattar i himmelen, sa Jesus.

Ut frå dette anar vi kvifor gjerigskapen er noko så alvorleg at dei gamle kalte han «dødssynd». Vi kan bli så sjølvopptekte, så knytt til det vi eig, at det ikkje blir plass att til Gud i livet vårt.

Bibelen kjem titt inn på dette uhyggelege temaet. Mest påtrengjande finn vi det hjå den rike unge mannen, som var eit så fint menneske at det berre var ein ting han venta: «Sel alt du eig, og del det ut til dei fattige. Då skal du få ein skatt i himmelen. Kom så og fylg meg!» Det var for mykje for han. Han var alt for bunden, for «han var svært rik», som det står i Bibelen. Så alvorleg er det å vera rik, sa Jesus.

Er vi gjerige? Det kan vera gagnleg å nytta dete ordet i ein aktuell samanheng. For gjerigskap er ikkje berre ein forvridd samlarmani hos gniarar med setlar under madrassen. Gjerigskap er ein «global synd», som forgiftar sjølv livsnerven for menneska si framtid. Dei rike landa krasar til seg, aukar bruttonasjonalformuen og lagrar tryggleik for komande år, utan å tenkja på sultande u-landsmillionar, forureiningsfare og rovdrift på ressursane. Noko tyder på at vi som folk tar til å likna på den unge mannen som var så bunden til alt han eigde at han ikkje hadde råd til å riva seg laus frå det.

Til all lykke fortel Bibelen òg at det er muleg å venda om!

LEIARKURS i NMS

Våren 1978 vil Det Norske Misjons-selskap i Trøndelag ha eit leiarkurs i Trondheim. Det er først og fremst tenkt som eit tilbod til folk innan organisasjonen, men om det blir plass tar vi gjerne mot andre og. Leiarkurset skal vera for dei som kjenner dei treng meir kunnskap om korleis ein skal arbeide blandt barn og ungdom. Vi skal difor ta opp sentrale ting som bibelkunnskap, formidling av bibelkunnskap, kristen livsførsel, misjon, kristen song, organisering og opplegg av gruppearbeid o.l.

Aldersgrensa for å delta er 16 år nedover, oppover er det inga grense. Hovudsaka er at deltakarane vil bruke kunnskapane i aktivt kristent arbeid for barn og ungdom. Som døme kan nemnast leirar, arbeid i barne og ungdomsforeningar, tenklubbar, lag o.l.

Konkret om sjølve opplegget: Kurset startar 20. jan. 1978 og blir halde

annankvar fredag kl. 17.00 - 21.00 over 6 kveldar. Det blir avslutta med helgasamling på Mjuklia 28. - 30. april. Det blir eitt emne for kvar kveld. Kveldane blir delte i to, slik at første halvparten skal brukast til innføring i emnet og andre halvparten til gruppearbeid. Den som innleiar om emnet, vil sjølsagt vera med heile kvelden, slik at gruppene kan spørja om ting dei lurar på.

At kurset er lagt til Trondheim, er kanskje ei ulempe for dei som bur eit stykke frå byen. Dette problemet vil vi prøve å løyse ved å tilby overnatting. Det skal altså ikkje være mangel på husvære i byen som skal hindre dei som har lyst til å delta.

Vi arbeider for at kurset skal bli gratis, men vi har ikkje full oversikt over kor mykje støtte vi kan få frå det offentlege til eit slikt arrangement. Nokon stor utgiftspost skal det ikkje i noko høve bli

Eit slikt arrangement krev at dei påmeldingane vi får er bindande. Med det meiner vi at alle blir med på heile kurset. Unntak i så måte må berre gjerast for dei som har lang veg og difor ikkje ser seg råd for å komme kvar gong.

Det er første gongen vi har eit så stort kurs og det er difor vanskeleg å vite kor stort behovet er. Kanskje mange kjenner behov, men synest det heile vil ta for mykje tid. Da vil vi be dei tenkje gjennom saka ein gong til og sjå ho ut frå det forkynnaransvaret vi som kristne har fått.

Program for leiarkurset vil ein få om ein skriv Det Norske Misjons-selskap, Sommerveiten 4, 7000 Trondheim, tlf. (075) 23780. Der kan ein også spørje om det er noko ein lurar på om sjølve kursopplegget. Meld dykk på fortast mogleg, og seinast 15. des. Vi ønskjer vel møtt!

UNDERETS KIRKE av Sigurd Lindberg

Da buddhistfaren sa til sin sønn:

At kirken er et under i verden, er klar tale i bibelen. Vår «venn» Paulus sier at menigheten er blitt til ved evangeliets tjeneste. Ordet fra Guds munn skaper hva det nevner.

På min Østen-reise har jeg ved flere anledninger sett denne kirken tre fram på en i høyeste grad forunderlig bakgrunn.

— Selvmordskandidater har frimodig vitnet om sitt møte med Bibel-

ens Kristus som kunne frigjøre. Personer som menneskelig sett på fysisk eller sosial bakgrunn var lite skikket til tjenester av åndelig art, står likevel fram som redskaper Gud bruker.

Små vevre kvinneskikkelser våger et frimodig Kristus-vitnesbyrd i ofte ublide hjemlige forhold, ungdommer fra beinharde utdannelsesmiljøer like ens. Med sin Bibel og sangbok har jeg sett dem stille og fint finne sin plass sammen med noen få andre til bøn og bibelstudium.

I et menneskemylder og et tempelvirvar vi ikke i vår vildeste fatasi kan tenke oss, vokser en liten, men underfull kirke fram. Skriften sier de er et «åndelig tempel — et hellig presteskap». Jo sannelig, underets tid er ikke forbi! Heller ikke i Østen!

Og det fyller meg med ikke liten takk og undring når jeg ser Apostelenes gjerninger i en slik moderne versjon. Men denne kirke er også noe av vårt ansvar! Den må ikke sviktes! Har du bedt for den i dag?

LES I BIBELEN

Gud har på ny gitt meg en stor glede, eller kanskje jeg heller skal kalle det et inspirerende ansvar.

Hver fredag kveld har jeg en engelsk bibelgruppe med seks-sju japanere i forskjellige aldre. Årsaken til at de kommer, er oftest at de vil lære engelsk. Sjelden kommer de ene og alene med den hensikt å studere Bibelen. Et slikt tilfelle dukket imidlertid opp fredag kveld for kort tid tilbake. Det var første gang jeg hadde bibelgruppa hjemme hos meg selv. Frammøtet var påtagende lite.

Søndagen før ble det arrangert en gudstjeneste på engelsk her i Mukonoso kirke. Da kom det en japaner som aldri hadde vært der før. Han

var god i engelsk, men ville gjerne bli bedre kjent med kristendommen. Han møtte ofte forretningsfolk fra Europa og følte behov for kunnskap om deres religion. Det var imidlertid umulig for ham å komme til fredags-samlingene. På de kveldene måtte han ta seg av foretningsforbindelser og bli med dem på bar. Men, hvem dukket likevel opp på den neste bibelgruppa? Jo, nettopp denne japaneren. Yamaoto heter han forresten. Selv følte han det som en seier at han var kommet. Han hadde sagt «nei takk» til å ta en drink på en hyggelig nattklubb.

Vi fikk en åpen samtale den kvelden. Da kom det fram en helt

ny årsak til at Yamamoto nå hadde bestemt seg definitivt for å studere Bibelen. Før faren døde for to år siden, hadde han sagt til denne sønnen: «Les i Bibelen.» Dette syntes sønnen selv var svært merkelig. Faren var nemlig ivrig buddhist. Men sønnen respekterte fortsatt sin far og ville derfor følge hans ordre.

Dere kan vel forstå at jeg jublet og takket Gud den kvelden. Samtidig ble jeg klar over det store ansvaret Herren hadde lagt på mine skuldre — å gi denne japaneren bibelkunnskap. Vil dere være med å dele dette ansvaret?

Solveig Roll-Hansen

Klosterbesøk

Munker og nonner ser en overalt hvor en ferdes i Italia, på gata, jernbanestasjonen og den overfylte bussen. De er en del av «bybildet» Blant anna derfor beslutta en kamerat og undertegnede å undersøke hvordan livet i et kloster arter seg på nært hold.

Mens vi var i Genova (en Middelhavs by i Nord-Italia) la vi av den grunn turen innom et av de lokale klostra. La turen innom høres veldig greitt ut; i virkeligheten var det meir strabasiøst enn som så. Klosteret lå nemlig 800 m over havet, og vi måtte gå ei mil for å komme dit. Det hører og med til historien at vi ikke alltid var like heldige med vegvalget. Men det kuperte terrenget med de små frukthagene spredd utover kombinert med strålende solskinn gjorde sitt til at turen blei en opplevelse.

Synet av klosteret som kom nærmere og nærmere gjorde at vi holdt et brukbart tempo — men da vi skulle til å gratulere hverandre for god innsats, kom vi til tornekraattet. — 250 m av det. Kava vel rundt der bortimot en time for å finne en mulig veg gjennom. Til slutt lyktes det oss — passe slitne — å nå det etterlengta målet.

Hvilket bilde vi enn hadde av hva vi kom til å finne på toppen, stemte det ikke. Utsikten fra toppen var fantastisk, og fordi været var bra hadde mye folk tatt vegen dit opp, delvis for å nyte utsikt og medbrakt mat, delvis for å delta i messene i kirka tilknytt klosteret. Og det blei klart for oss at folk flest hadde benytta seg av den asfalterte vegen som førte heilt fram til klosterdøra. Det må innrømmes at vi blei litt skuffa. Skuffelsen gikk fort over, og det var møtet med en flokk barnehjemsunger og nonnene som passa dem som var hovedårsaken til det. Ungene var veldig impulsive, og det er lett å forstå at det for dem var stor stas å hilse på utlendinger. Sjøl om både unger og nonner bare snakka italiensk fikk vi god kontakt med dem. Ved hjelp av fingerspråk forklarte vi hvordan vi hadde klatra opp åssida. Til gjengjeld lærte de oss å telle til ti på italiensk og hva sko, kjole og liknende ord het på italiensk. Til avskjed ville alle ta oss i hånda, helst klemme oss. Det var 25 unger i alderen 7-11 år (?) så det var litt av et leven. Kameraten min lurte på hvor-

(Framh. på s. 11)

Samtale ved middagsbordet

Far, mor og guttene Kjartan og Arne sitter samlet til middag. Menyen i dag er guttenes livrett, stekte pølser med potetstappe. Til pølser hører gjerne med sennep og ketchup, og under måltidet oppdager Arne prislappen på ketchupflasken: Kr. 9,05 står det.

— For en fryktelig pris, bemerket han.

— Ja, sier far, alt er så dyrt nå og alt vi trenger for dagen koster noe.

Kjartan sitter tankefull og lytter. Så kommer det stille og trosssterkt fra ham:

— Jeg er glad for at det iallfall er noe som ingenting koster. Far spør hva nå det kan være.

— Jo, svarer Kjartan, det å bli en kristen, koster ingenting. Nå er det Arnes tur til å se tankefull ut. Til slutt kommer det.

— Jo, Kjartan, det kan sannelig også koste — — —

Hvor riktig hadde de ikke begge to? Det ble et måltid som gav ettertanke for far og mor.

Hvor mye gir jeg?

Jeg var hos tannlegen noen ganger til behandling. Siste gang skulle jeg betale, og tannlegen ville gjerne gjøre det litt rimeligere. Er det ikke 10% en skal gi? spurte han meg. Den venstre hand skal ikke vite hva den høyre gir, derfor svarte jeg unnavikende med at det er i alle fall en god regel.

En eldre misjonær hadde vært på misjonsstevne. Da offeret ble opp-talt, var mesteparten av «lappene» en 10-kroning. Ærlig talt, misjonsvenner: Hva får du for en 10-kroning i dag? Får misjons-selskapene mer for pengene enn du? Har du orden i dine pengesaker? Ser du forvalteransvaret Gud har gitt deg?

Dette er ikke skrevet til deg som innfor Guds ansikt gir av dine midler til hans rikets utbredelse og som kanskje ikke unner deg selv noen ting unødig, men det er skrevet til deg som i tankeløshet og mangel på Guds-frykt ikke gir hva Guds er.

«Hvorfor har ingen fortalt meg dette før?» sa hedningen som første gang fikk høre evangeliet. Var det fordi du og jeg ikke verdsatte frelsen?

(Framh. på s. 11)

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00

Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00 (Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30 (Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30 (Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo
Handelssamlag



Først til nabomenigheten Meldal. Vi ønsker kallskap. Tor Aas i Stjørdal tillykke som ny sokneprest i Meldal, og meldalingane til lykke med ny prest. Tor Aas er frå Steinkjer.

Gun-Beate Dahl, også frå Stjørdal, er eittåring på Svorkmo frå i haust. Ho er tilsett av Indremisjonen Hennar oppdrag er førskolen og yngres. Utan-om Svorkmo, der ho altså bur, har ho førskole på Fannrem og yngres på Gjølme.

Bakksæter ved Gangåsvatnet er mye brukt som weekendplass. Grupper frå vårt distrikt og Trondheim brukar plassen flittig. Stue og kjøken er restaurert, ein har ordna ein god del på uthusa, og no er det ei ny overnattingshytte for 12-15 stykker som står for tur. Som kjent er det NMS som eig Bakksæter gard

Fjellkyrkja har fått innvilga eit lån på kr. 150.000 frå Fondet for alkoholfrie serveringsstader. Vi reknar med at garantien for lånet frå Opplysningsvesenets fond blir ordna med det aller første. Og det synest vi er på tide. Teknisk kontor arbeider med løsnig for vatn- og sanitæranlegg. Frå Hemen kraftlag har vi ståande eit fint tilbud for oppføring av elektrisk straum. Vegprosjektet har lenge vore klarert frå grunneigarane si side. For å unngå misforståingar som er ute og går nemner vi at transportforholda til kyrkja den perioden vegen ikkje kan haldast åpen er tenkt ordna med beltebil og scooter.

Søvassli ungdomssenter er også i ferd med store utvidingsopplegg for å gjere sentret meir funksjonsdyktig for leirskole, leirar og møtearrangement. Ei innsamling til dette har fått stor oppslutning både på Nordmøre og i Trøndelag. Sambandsfolket kan dette med givarglede.

Felleslaget av Misjonssambandet har møter slik: 19/11 - 23/11 Midtbygdenes forening, ved Alf Sandvik.

Eldretreff er det igjen på Svorkmo misjonshus torsdag 10.11. kl. 11.

Res.kap Inge Eidhamar har permisjon 22/11 - 14/12 for å gjere teneste som prest ved Solgården Helsesenter, Benindorm, Spania.

I siste halvdel av 1800-talet reiste ein i noverande Orkdal prestegjeld alle våre 4 soknekyrkjer. Vi i vår tid — i det 19. århundre — må makte å reise Søvasskjølen fjellkyrkje. Eller er det sik at til meir rikdom, til mindre til overs for kyrkjebygg?

Res.kap. Knut Torjul, trønsk Bergensprest tek del i kveldsmesse i Orkanger kirke 16.11. kl 19.

Misjonshusets kvinneforening Fannrem, har i år julesal på Megården bedehus laurdag 26.11.

Nytt tiltak på Orkanger

Søndag den 20. nov inviterer Orkanger menighet til familiesamling i aulaen på ungdomsskolen. Vi ønsker alle hjertelig velkommen Det blir program både for barn, unge og eldre. Denne kvelden kan hele familien bli med.

Vi begynner kl. 17 så kan de som gjerne vil ut på tur søndagen rekke å få unna middagen før de kommer.

Det blir et rikt og allsidig program. Det nye presteparet i Børsa, Elsa og Arne Grønning kommer og tar oss med på tur til Japan. De har vært misjonærer der i flere år. Det blir sang og musikk av et barnemusikkor fra Byneset. Frk. Kristianne Lein vil holde andakt. Det blir sanger og leker for barna og en liten bevertning (Ta med kopp). Til dekning av utgiftene tar vi opp en kollekt. Så håper vi at salen blir full den 20. nov.

Orkanger Menighetsforening

er atter igang og starter opp med en årsalgskveld på Medehuset den 4. november.

Samle midler til nytt Menighetshus, er vår største oppgave. Tomta er klarlagt La oss løfte i flokk i bønn og arbeide for denne oppgaven.

Reidun Prestmo Skjærseth og Gislaug Hoff Nygård, begge født og oppvokst på Orkanger, vil delta med deklamasjon og informasjon om blindesaken.

Kalls.kap. Slettahjell vil holde andakt. Presteparet vil glede oss med duettsang. Kaffekos blir det også.

Hjertelig velkommen! Vi håper på fullt hus!

Orkanger indremisjon har sin basar onsdag 9. nov kl. 19.00.

Vi får besøk av Birgit Sæther Duettsang

Velkommen på bedehuset den kvelden!

Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s
BÅRDSHAUG

ALT I
KOLONIAL

O. Henriksen
Tlf. 80673

OR K A N G E R

ALT I
DAGLIGVARER

O. Ingebrigtsen
Tlf. 83415

G J Ø L M E

GODT UTVALG I
HØST- OG VINTERKLÆR

Dåpskjoler til utlån

Harald Hukkelås
OR K A N G E R

Orkanger indremisjon:

18. 19. og 20 nov. Besøk av Kristianne Lein.

18 nov.: Møte på bedehuset
19. nov.: Møte hos Agnes og Jens Singstad, Rømmesbakken 1!
20. nov.: Frk. Lein deltar på menighetens familiesamling på ungdomsskolen kl. 17.00.

Gåver til bladet

Innbetalinger i juni - august 1977.

ORKANGER

Johanna Svee 10. Hjørdis Dahl 10. Per J. Solem 20. Gudrun og Einar Haugnes 50. M. og A. Martinsen 20. Gjertrud Johansen 10. Gudrun Holdvagt 10. Borghild og Asbj. Knutsen 25. John Fagerholt 20. Aslaug Rein 10. I. og R. S. 20. G. O. Vik 20. Eli og Arnold Ofstad 20. Anne og Ivar Aunan 15. Guri Tufllåt 20. Jorunn og Andrew Olsen 20.

ORKDAL

Anne og John Vuttudal 20. Magnhild og Torkel Hallien 20. Elfrida Singstad 10. Johan Advending 20. Lina Svorkdal 10. John Aa 20. Olina Hokolegg 20. Lars Bjørn og Anne Grete Gangås 10. Solveig og John Wolden 25. Beret Metlid 20. Mathilde Grut 20. Beret Blomli 10. Brynhild Nordtømme 10. Magnhild Gimse 15. Jenny Walderhaug 20. Dagny og O. Granli 20. Ola Evjensvold 30. Martin Skaugen 20. Arthur Torgersen 15. Beret Lefstadaune 25. Aasta og Ola Skaugen 25. Anders Skronnal 20.

ORKLAND

Karen Rønningsbakk 100. Anne og Ola Bakken 20.

GJØLME

Ingebrigt Andøl 10. Dortea Andersen 20. Marta Andøl 10. Marit Reitan 15.

UTANBYGDS

Maren Berget, Verrabotn 10. Kjellrun Kristiansen, Nesoddtangen 20. Aase Meringdal, Surnadal 10. Bjørg Bakkt, Hønefoss 20. Reidun Ulseth, T. heim 50. Arnt Snudli, Eidsvold 20. Ingeborg Sundli, Meldal 20. Odbjørn Sundli, Sunndalsøra 20. Anna Kvåle Momrak, Larvik 30.

ORKANGER:

Erl. Fagerholt 20. Aaase Krognest 30. Mary Røhme 20. Millie Bakken 10. G. og O. Vik 20. E. L. 20. Wergeland 25. Andr. og Sigrid Rikstad 20. Mary Sneve 10. Anna Johansen 20. Sigrid Wiggen 20. Andrea Wormdal 10. Ole Døhl 10. Iver Gjønnes 10. Hjørdis Dahl 10. Ester Sivertsen 10. Margit Breunig 10. Sigrid og Konrad Olsen 20. Eise Solem 20. Pedersen og Karlsten 20. Magnhild og Erl. Hoff 20. Janna og Leiv Erik Evjen 20. Oline og Konrad Sætre 20. John Fagerholt 25.

Gudrun Sødahl 10. Anna Kjempe 10. Olga Janushas 10. S. og Kr. Singstad 20. Johanna og Asbjørn Gangås 20.

Innbetalt i sept. - oktober:

ORKLAND:

Marit Bjeraker 20. Ida og O. Skjølberg 30. Ottar Svegård 15. Marit og Ingebr. Asbølmo 20. Anne Lium 20.

GEITASTRAND — GJØLMØE:

Johan Husdal 20. Emma og Kr. Sletvold 20. Berit og Ola Sletvold 20. Dorteia Wesche, Ingdalen 20. Marie og Arnt J. Dyndal 15. Inga og Marientius Bjørnbet 20.

ORKDAL:

Ruth Selbekk 10. Amalie og Andr. Ekli 20. Johs. Eldevik 25. Nelly og Ola Morken 20. Oline Stubban 10. Dagmar Sundli 40. Ingeborg og John Rye 20. Inger og O.B. Dahl 20. Gudrun og Bjørn Linge 20. Jon Gaustad 20. Liv Johnsen 10. Anne Nygaard 20. Marta Aleksandersen 10. Herborg og Oskar Fossum 20. Arne Fagerli 20.

UTANBYGDS:

Gudrun Tangen, Torød 10. Leonhard Singstad 20. Mette Eggen Lysøysund 20. Helga Morken, Buvika 20. Aslaug Hansen, Råde 20. Magnar Husdal, Oppdal 30. Lovise og Bjarne Isdahl, Børsa 20. Leif Husby, Glonfjord 20. Jorheid Larsen, Saupstad 20. Else Ingdal, Selbekken 10. Inger og Omar Iversen, Halden 10. Guri Husby, Skaun 10. Marie Rø, Nidarvold 20.

OCULI AD DOMINUM - -

Framh. frå s. 2.

taler til deg, det er velsignelse han vil! Uten at jeg er vendt til Herren vil endog gudstjenestens preken bare bli fagre ord og tanker som dør på hjemvegen fra kirken.

Oculi ad Dominum, om ikke ordene lyder akkurat slik fra kordøren når gudstjenesten begynner, så er vi vel enige om at i sak er det det samme. Herre jeg er kommet inn i dette ditt hellige hus for å høre hva du vil tale til meg. — Det er rett begynnelse på søndagen virkelig å være med i den bønne.

J.M.

Hjertelig takk for all oppmerksomhet ved vårt bryllup.

Hanne Kristin og Jan-Ole Sæther
f Hammertrø

Respekt for eldre

— Jeg synes vi prøver å ta oss mer av hverandre hjemme i Pakistan. Her bryr man seg ofte ikke om folk i samme trappeoppgang! Dere gir eldre mennesker pensjon, men viser dem ikke respekt slik vi gjør. Ethvert eldre menneske i Pakistan må tiltales med «onkel» eller «tante». Og bestemor i vår familie er som en kronjuvel, det største smykket i kronen!

Shahnaz Saleem Baig
i samtale med
Vår Kirke

Dåp og nattverd - -

(Framh. frå s. 2).

vis til bønnene, som blir sett på som takkoffer til Gud.

Disse ordene fra den første kristne menighet vitner til oss både om søndagsbruk og nattverdens sentrale plass i gudstjenesten og kristenliv. Men vi ser også at forsoningsmåltidet mellom Gud og mennesker så i vesentlig grad har med forlikelsen mellom medmennesker å gjøre. Noe å tenke på!

Vi tilrår ny gjennomlesning av det ovenstående.

Klosterbesøk - -

(Framh. frå s. 9)

dan de hadde blitt sånn, så impulsive, levende, sprudlende og vennlige.

Vi fant ikke den øde plassen prega av stillhet som vi hadde venta. I steden fant vi et levende samfunn der kjærligheten var virksom. Vi følte det i messa der folk utafra deltok og i den omsorg nonnene viste for de ungene de hadde ansvar for. Alt i alt en dag som vil bli huska. Et katolsk kloster er verdt et besøk.

Børre Olsen

Hvor mye gir jeg?

(Framh. frå s. 9)

Var den ikke blitt LIV for oss? Hva GIR du egentlig til misjonen? Gå inn for Guds ansikt med det du måtte ha å forvalte. Skriv opp private inn-tekter og sammenlign med dine gaver til misjonen? Kanskje var det noe som ikke stemte helt med Guds vilje?

Hilsen benådet synder

Søndag er oppstandelsesdag

6.11 Alle Helgens Dag

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v/prost Rogstad. Offer til Misjonssambandet. Nattverd. Soknerådsvalg.

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v/kallskap. Sletthjell. Offer til Menighetsfakultetet.

Moe k. kl. 11. Høgmesse v/res.kap. Eidhamar. Nattverd.

Geitastrand k. kl. 15. Gudsteneste v/res.kap. Eidhamar. 50-årskonfirm. Offer til menighetsarbeidet.

13.11 — 23. s. e. treeining

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. res.kap. Eidhamar.

Moe k. kl. 11. Høgmesse v. kallskap. Sletthjell.

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad.

Onsdag 16.11. kl. 19:

Orkanger k. Kveldsgudstjeneste v. res.kap. Knut Torjul og kallskap. Sletthjell. Offer til NKUF.

20.11 — 24. s. e. treeining

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. kallskap. Sletthjell. Offer til menighetsarbeidet.

Moe k. kl. 11. Høgmesse v. res.kap. Eidhamar. Speidarinnviing etter gudstenesta.

Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til menighetsarbeidet. Buss frå Husdalen.

27.11 — 1. s. i advent

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. kallskap. Sletthjell.

Orkanger k. kl. 20. Lysmesse v. kallskap. Sletthjell.

4.12 — 2. s. i advent

Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. kallskap. Sletthjell. Nattverd. Buss frå Råbygda.

Orkdal k. kl. 20. Lysmesse v. prost Rogstad.

11.12 — 3. s. i advent

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd.

Moe k. kl. 20. Lysmesse v. kallskap. Sletthjell.




La oss be

- for innføringa av ny liturgi
- reisinga av Søvasskjølen fjellkyrkje
- for menighetssekretær i prestegjeldet.

La oss takke

- for Alle Helgens Dag.
- for alle dei som før har verna om kristenarven.
- for alle dei som no kjempar for Guds rike.



— Ved bekker med rennende vatn.

Sæl er den som ikke ferdast etter råd frå gudlause og ikkje stig inn på syndarveg eller sit i lag med spottarar, men har si glede i Herrens lov og grundar på hans lov dag og natt. Han er lik et tre, planta nær bekker med rennande vatn, det gjev si frukt i rette tid, og lauvet visnar ikkje på det.

Salme 1.

Sendt av:

POSTGIRO - INNBETALINGSKORT

Sendt av:

TIL
FRIMERKE

KVITTERING



DATOSTEMPEL

ADR.:

ADR.:

KRONER ØRE

KRONER ØRE

KRONER ØRE

Vedlegg
nr. 9 - 77

TIL

er innbetalt til

ORKDAL MENIGHETSBLAD

Orkdal Menighetsblad

ADR.:

7320 FANNREM

POSTGIROKONTO

32 68 72

POSTGIROKONTO

32 68 72

POSTGIROKONTO

32 68 72

Ved reklamasjon
må De vise
kvittering

7320 Fannrem

INNBETALINGSNUMMER

INNBETALINGSNUMMER



Bl. 560



DATOSTEMPEL



DATOSTEMPEL

ØRE
PORTO

SIGNATUR